

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BergenDeres ref: 2014/11005
Vår ref: 12/539.3/SKB
Sted: Oslo
Dato: 04.01.17**Merknad til fredingsforslag for Lars Hilles gate 27**

Fredingsforslag for den tidlegare bensinstasjonen i Lars Hilles gate 27 (gbnr. 164/947) vart send ut på høyring og offentleg ettersyn 11.11.16. Formålet med fredinga er å bevare MIL Veteranstasjonen som eit arkitektonisk og kulturhistorisk viktig eksempel på ein bensinstasjon frå mellomkrigstida. Fredingsforslaget omfattar sjølve bygningen, men også køyrearealet rundt bygget og tilkomstvegen over naboeigedomen i Nygårdsgata 92 (gbnr. 164/859). Forslaget om freding av tilkomstvegen er for å sikre verknaden av stasjonen i miljøet og tilkomst for veterankøyretøy til underetasjen.

På vegne av Entra, som eig nabotomta i Lars Hilles gate 25 (gbnr. 164/945) og Nygårdsgata 92, har NIKU vurdert fredingsforslaget og har følgjande kommentarar og spørsmål spesielt knytt til forslaget om å frede tilkomstvegen frå Nygårdsgata:

- Freding av tilkomstvegen er foreslått med tanke på å sikre tilkomsten betre enn det som i dag er ein tinglyst rett til slik tilkomst over Nygårdsgata 92. Fredinga skal ikkje vere til hinder for at vegen vert overbygd.

Sikring av tilkomstvegen kan også bli gjort gjennom ny regulering av Nygårdsgata 92 og Lars Hilles gate 25 og NIKU stiller difor spørsmål om kva som er mest føremålstjenleg som verktøy for å sikre denne tilkomsten og samstundes sikre god handsaming av både fredingssak, reguleringsak og seinare byggesak.

For tiltakshaver vil det være ønskjeleg at tilkomstvegen blir teke ut av fredingsforslaget og at formålet blir ivareteke i reguleringsprosessen. Eigedomen Lars Hilles gate 25 er i dag ubebygd, og Entra ASA planlegg difor å halde ein arkitektkonkurranse for eit nytt bygg som vil ligge til grunn for ny reguleringsplan på eigedomen. Sikring av tilkomstvegen kan ligge som eit premiss for konkurransen.

NIKUs vurdering er at freding etter kulturminneloven utgjør eit sterkere vern enn om plan og

Et institutt i Miljøalliansen**NIKU hovedkontor**
Storgata 2
Postboks 736 Sentrum
0105 Oslo
Telefon: 23 35 50 00
TeleFax: 23 35 50 01**NIKU Distriktskontor**
Farmannsveien 30
3111 TØNSBERG
Telefon: 23 35 50 00**NIKU Distriktskontor**
Dreggsallmenningen 3
Postboks 4112 Sandviken
5835 BERGEN
Telefon: 23 35 50 00**NIKU Distriktskontor**
Kjøpmannsgata 1b
7013 TRONDHEIM
Telefon: 23 35 50 00**NIKU Tromsø**
Hjalmar Johansens gt. 14
Framsenteret
9007 TROMSØ
Telefon: 77 75 04 00

bygningsloven blir lagt til grunn, men at fredingsforslaget slik det foreligg i begrensa omfang sikrer verdier som ikkje kan ivaretas gjennom reguleringsprosessen. For å sikre tilkomsten og samstundes verknaden av stasjonen i miljøet bør både byggegrense mot stasjonens bakvegg og størrelse/høgde på innkjøringa fra Nygårdsgata ligge inne i reguleringsforslaget. Dette er ikkje tilstrekkeleg beskreve i fredingsforslaget og kan styrkes gjennom at dette blir lagt inn i reguleringsforslaget.

NIKU antar at både Hordaland fylkeskommune og Byantikvaren i Bergen vil være involvert i handsaming av reguleringssak og byggesak samt eventuelle endringer undervegs i prosessen som i praksis betyr at sikring av verneverdier kan ivaretas tilstrekkelig innanfor begge lovverk.

- NIKU vurderer utbygging i Lars Hilles gate 25 og Nygårdsgata 27 som positivt for kvartalet og som eit positivt bidrag til å sikre bensinstasjonen i Lars Hilles gate 27 gjennom meir forutsigbare rammer enn det som omgir stasjonen i dag.

Med helsing

Sveinung Krokann Berg
Avdelingsleder Kulturarv og samfunn/NIKU